



Arkivnr: 2014/19336-8
Saksbehandlar: Øivind Rune Bjørkås

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.10.2014

Klage over avslag på søknad om tilskot – Teaterdrift Bergen AS

Det er komen inn klage frå Teaterdrift AS på Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av 03.06.2014 (sak 78/14), om avslag på søknad om kr 250.000 i ekstraordinært driftstilskot til Cornerteateret. Søknaden vart handsama saman med andre opne søknadar»(søknadar som ikkje passar inn under nokon tilskotsordning), under posten « til rådvelde for Kultur og ressursutvalet».

Klaga er rettidig og kan realitetshandsamast.

Klagesaka er handsama i samsvar med forvaltningslova kap VI, og vert lagt fram for vurdering av eventuell omgjering jfr. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Dersom saken ikkje vert gjort om i kultur- og ressursutvalet vert denne sendt over til klagenemnda for Hordaland fylkeskommune for endeleg avgjerd, jfr. forvaltningslova § 33, 4. ledd, jfr. forvaltningslova § 28, 2.ledd.

Kultur- og ressursutvalet har avslått søknaden utan protokollert grunngjeving. Det er ein sakshandsamingsfeil jfr. forvaltningslova § 24, som kan medføre ugyldigheit jfr. forvaltningslova § 41. Når Kultur- og ressursutvalet gjer ein ny vurdering av saka, er det viktig at det vert protokollert ein grunngjeving og at denne er knytt til dei omsyna som Kultur- og ressursutvalet la til grunn som retningsgjevande ved fordelinga.

Fylkeskommunen tildeler i hovudsak driftstilskot over budsjett. Noko av funksjonen til «til rådvelde» posten har vore at denne kan nyttast der det oppstår særskilte, gjerne uventa/akutte behov for å tildele midlar enten det er til drift eller prosjekt. Når det ved denne tildelinga vart gjort reie for kva omsyn som låg til grunn for tilrådinga, var det ikkje intensjonen å avgrense mot tildelingar til drift ved særskilte/ekstraordinære høve. Det sentrale var å understreke at tildelingar skal ha ein regional funksjon og stø opp om fylkeskommunale planar og prioriteringar. Dei omsyn som vart lista opp var tenkt som- ikkje uttømmende- døme på relevante omsyn ved utøvinga av fritt forvaltningsskjøn.

Etter tilhøva finn fylkesrådmannen det rett å avstå frå å gje tilråding om kva utfall saka bør få. Det som likevel er viktig er at vedtaket vert grunngitt som nemnt over.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.09.2014

Det er komen inn klage frå Teaterdrift AS på Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av 04.06.2014 om avslag på søknad om kr 250.000 i ekstraordinært driftstilskot til Cornerteateret. Søknaden vart handsama saman med andre opne søknadar»(søknadar som ikkje passar inn under nokon tilskotsordning), under posten « til rådvelde».

Klaga er rettidig og kan realitetshandsamast.

Klagesaka er handsama i samsvar med forvaltningslova kap VI, og vert lagt fram for ny vurdering i Kultur- og ressursutvalet, jfr. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Dersom saken ikkje vert gjort om i kultur- og ressursutvalet vert denne sendt til klagenemnda for Hordaland fylkeskommune for endeleg avgjerd, jfr. forvaltningslova § 33, 4. ledd jfr. forvaltningslova § 28, 2.ledd.

Teaterdrift Bergen A/S er oppretta som eit driftsselskap for teaterhuset Cornerteateret, med Vestlandske teatersenter og Proscen som eigarar av selskapet. Vestlandske teatersenter og Proscen er dei to organisasjonane som har teke initiativ til og nyttar Cornerteateret, Vestlandske Teatersenter med teaterskole og tilbod til frivillig sektor, og Proscen som koordinator av det profesjonelle, frie scenekunstmiljøet. Hordaland fylkeskommune gir driftsstøtte til både Proscen (105 000 i 2014) og Vestlandske teatersenter (392 000 i 2014). Driftsstøtta til Vestlandske teatersenter vart auka med 150 000 frå året før for å stø meir opp om organisasjonen og arbeidet dei gjør i Cornerteateret.

Generelt om tildelinga

Det er ikkje vedteke eigne retningslinjer for handsaming av opne søknader i samband med «til rådvelde posten». Som påpekt av Deloitte i nyleg gjennomført forvaltningsrevisjon av tilskot på kulturfeltet er dette problematisk i forhold til å sikre at grunnleggjande krav til skjønnsutøving vert gjennomført. I handlingsplan for tilskotsforvaltninga på kulturfeltet, lagt fram for Kultur- og ressursutvalet som referatsak på møte 16.09.2014 vart følgjande opplyst:

Praksis knytt til «til rådvelde» posten vil inngå i den samla gjennomgangen av kulturfeltet. Eit aktuelt utfall er at midlane på posten vert overført til eksisterande tilskotsordningar og fordelt i medhald av vedtekne retningslinjer som oppfyller forvaltningsrettslege krav. Midlane kan eventuelt inngå i ein post til oppfølging av kulturplanen.

For å ivareta dei omsyn som er nemnt over vart det i saksframlegget opplyst følgjande om kva moment som vart tillagt vekt ved tildelinga:

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, dvs. at vi gir stønad til kulturtiltak som har verdi for heile fylket eller store delar av det. Dei same vurderingskriteria som gjeld for m.a. ordninga for Tilskot til ålmenne kulturføremål vert også brukt her:

Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- *I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket*
- *I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket*
- *I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt*
- *Om tiltaket kan kopl saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers*
- *Dokumentarisk verdi*
- *Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad*
- *Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet*
- *Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger*

Det er tilrådd stønad til prosjekt som fylkesrådmannen meiner har eit regionalt perspektiv og betydning og som står opp under visjonen for Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk. I følgje fylkesplanen har fylkeskommunen ei særleg oppgåve i å kopl saman aktørar, etablere partnerskap, skape møteplassar og støtte infrastruktur

Om vedtaket

Hordaland fylkeskommune mottok frå Teaterdrift Bergen A/S søknad om ekstraordinær støtte til drift av Cornerteateret, datert 10.april 2014. Fylkeskommunen har også tidlegare vore varsla munnleg om den vanskelege økonomiske situasjonen for Teaterdrift Bergen AS. I søknaden frå 10.april viser Teaterdrift Bergen A/S til krisesituasjonen som rår for Cornerteateret i dag. Bergen kommune har tildelt eit ekstraordinært tilskot til Teaterdrift Bergen A/S på 311 000 kroner. Teaterdrift Bergen A/S har fått midlar frå Hordaland fylkeskommune via ordningane Tilskot til lokale kulturbygg og frå Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar – til saman 1 000 000 kroner fordelt på 2 år(2012 og 2013). I fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg for 2014 vart det fremma ei driftsstøtte til Teaterdrift Bergen A/S på 200 000 kr. Dette vart stroke i det politisk vedtekne budsjettet. Det er no utarbeidd eit naudbudsjett. Tidlegare vart det sett opp eit totalbudsjett på 4 645 000, med 1,2 mill. i avvik. Naudbudsjettet er justert til 4 298 446 kroner og kan gå opp med ei ekstraløyving frå Bergen kommune på 311 000 kroner og Hordaland fylkeskommune med 250 000 kroner. Bergen kommune har innvilga den summen dei vart omsøkt.

I sitt saksframlegg gav fylkesrådmannen følgjande grunngjeving for at tilskot burde tildelast:

Det er vurdert som viktig at dette teaterhuset ikkje må legge ned drifta etter kort tid. Cornerteateret dekker eit behov både for teateraktivitetar for barn og unge, og ikkje minst for det frie, profesjonelle scenekunstmiljøet. Fylkesrådmannen ser dette huset som av regional betydning for begge desse miljøa, og ser det nyskapande i og potensialet i at både profesjonelle og amatørar/barn og unge held til i same hus. Det har lenge vore mangel på lokale for dei frie scenekunstgruppene i Bergen, og Cornerteateret tilbyr no både prøvelokale og arena for framvisning, noko som er essensielt for at det også kan produserast ny scenekunst i fylket og at det frie scenekunstmiljøet kan utviklast. Det er ei fylkeskommunal prioritering å støtte å legge til rette for infrastruktur på kunstfeltet. Denne søknaden er for inneverande år, og det ligg også føre ein driftssøknad for 2015 frå Teaterdrift AS som må takast stilling til i budsjettsamanhang. Det å gå inn med dei no omsøkte krisemidlane vil legge ei føring på korleis ein tek stilling til vidare driftsstøtte til Cornerteateret, og på grunnlag av det overståande stiller fylkesrådmannen seg positiv også til vidare driftsstøtte.

Det tilråddast ei støtte på 200 000 kroner

På møtet i Kultur- og ressursutvalet vart det gjort vedtak om å avslå søknaden om tilskot. Det vart ikkje protokollert nokon grunngjeving for dette i møteboka.

Om klaga

Teaterdrift Bergen AS krev at vedtaket vert gjort om. I klagen heter det:

Så vel i fylkesrådmannens innstilling til Kultur- og ressursutvalget som i underretningen om vedtaket, fremheves de vurderingskriterier som gjelder for tildeling av de offentlige midler det her gjelder. Teaterdrift Bergen oppfyller samtlige av disse kriterier. Ikke unaturlig innstilte derfor administrasjonen på tildeling av kr 200 000 til dette formål.

- *Når et flertall av utvalgets medlemmer, ledet av Gunnar Bakke fra FRP, likevel avslår søknaden, betyr det at man nettopp har valgt ikke å følge de gjeldende tildelingskriterier.*
- *Begrunnelsen for kultur- og ressursutvalgets avslag fremgår ikke av vedtaket, men angivelig av medlem Gunnar Bakkens uttalelser til Bergens Tidene 7. juni d.å.*
- *I den utstrekning Gunnar Bakkens begrunnelse skulle være dekkende for flertallets oppfatning hva man ikke vet, siden det ikke fremgår av vedtaket representerer den hensyn som bryter med de oppgitte vurderingskriterier. En kan for øvrig ikke utelukke at Bakkens begrunnelse kan være funnet på i ettertid.*

Teaterdrift Bergen gjør gjeldende at Kultur- og ressursutvalgets avslag, slik det fremstår, preges av vilkårlighet og trolig også utenforliggende hensyn. Det gjøres gjeldende at vedtaket må omgjøres.

Vurdering

Forvaltningsorgan skal grunngje sine einskildvedtak, jfr. forvaltningslova § . Manglande grunngjeving er sakshandsamingsfeil og kan ha tyding for vedtaket si gyldigheit. jfr. fvl § 41.

Om Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak følgjer fylkesrådmannen si tilråding, vert det lagt til grunn at Kultur- og ressursutvalet har slutta seg til den grunngjeving som der er gitt. Dersom Kultur- og ressursutvalet - som her - vel å fråvike tilrådinga (eller gje ein annan grunngjeving), må Kultur- og ressursutvalet protokollere ein grunngjeving for dette. Fylkeskommunen skal i avslagsbrevet informere søkar om innhaldet i grunngjevinga. Dette er viktig, mellom anna for at parten skal ha eit grunnlag for å nytte si rett til å klage. Utan protokollert grunngjeving lar dette seg ikkje gjøre.

I denne saken har Kultur- og ressursutvalet avslått søknaden utan protokollert grunngjeving. Det er ein sakshandsamingsfeil som kan medføre at vedtaket vert kjend ugyldig i klageinstansen, jfr. forvaltningslova § 41. Når Kultur- og ressursutvalet gjer ein ny vurdering av saka knytt til klaga, er det difor viktig at det vert protokollert ein grunngjeving og at denne er knytt til dei omsyna som Kultur- og ressursutvalet la til grunn som retningsgjevande ved fordelinga.

Om skjønnsutøvinga er vilkårlig eller det vert tatt utanforliggjande omsyn kan vedtaket kjennast ugyldig etter ulovfesta reglar om utøving av fritt skjøn. Under forhandlingane vart det frå forslagsstillar vist til at ordninga ikkje omfatta drift. At grunngjevinga ikkje er protokollert etterlet likevell uvisse om kva som faktisk låg til grunn og skapar eit inntrykk av vilkårlig skjønnsutøving frå klagar sitt ståstad. Tilsvarende vert det umogeleg for søkar å vite noko om kva omsyn som er tillagt vekt og om det såleis er tatt utanforliggjande omsyn.

Fylkeskommunen tildeler i hovudsak driftstilskot over budsjett. Noko av funksjonen til «til rådvælde» posten har vore at denne kan nyttast der det oppstår særskilte, gjerne uventa/akutte behov for å tildele midlar enten det er til drift eller prosjekt. Når det ved denne tildelinga vart gjort reie for kva omsyn som låg til grunn for tilrådinga, var det ikkje intensjonen å avgrense mot tildelingar til drift ved særskilte/ekstraordinære høve. Det sentrale var å understreke at tildelingar skal ha ein regional funksjon og stø opp om fylkeskommunale planar og prioriteringar. Dei omsyn som vart lista opp var tenkt som- ikkje uttømmende- døme på relevante omsyn ved utøvinga av fritt forvaltningsskjøn.

Fylkesrådmannen si vurdering er at dei omsyn som vart vist til i saksframlegget og som er sitert over, framleis er dekkande. Cornerteateret har ein viktig funksjon som teaterhus for born og unge og for det frie, profesjonelle scenekunstmiljøet. Det er gjort eit stort arbeid for å etablere teateret, og det er investert betydelege summar, mellom anna frå Hordaland fylkeskommune si side. Det vil vera særst uheldig om det som er bygget opp skulle gå tapt. Om Kultur- og ressursutvalet legg til grunn at midlar kan tildelast til drift, er det fylkesrådmannen si vurdering at søknaden ligg godt til rette innafor dei omsyn som er gitt og at vedtaket bør gjerast om. Samstundes har Kultur- og ressursutvalet sjølv sagt høve til å etablere/presisere ein praksis for ordninga der tilskot til drift ikkje vert gitt. Om så er tilfelle og dette gjennomgåande vart lagt til grunn ved tildelinga for 2014, vil føresetnadane for å tildela tilskot ikkje vera til stade.

Etter tilhøva finn fylkesrådmannen det rett å avstå frå å gje tilråding om kva utfall saka bør få. Det som uansett er viktig er at vedtaket vert grunngitt som nemnt over.